

MØTEREFERAT

PROSJEKT: 2322 - Helsesenter

Type møte: Anbodssynfaring

Stad: Moavegen 20 (bankbygget), Vågåheimen, Vågå kommunehus

Møtedato: 25.06.2012

Utskriftdato: 26.06.2012

Til stades: BH: Jostein Skjelvik Vågå kommune Prosjektleiar
ARK Steinar Løkken Nordplan AS
Interesserte tilbydarar

Sendt til: Abakus for publisering på Doffin og Mercell

Punkt..... Sak Ansvar.....

I forbindelse med utlyst konkurranse på Helsesenter og avlastningsplassar vart det helde synfaring på byggeplass og gjennomgang av planteikningar på kommunehuset.

Følgjande punkt vart omtala på synfaringa.

- 1.00 Det vart presisert at delprosjekt 1 og delprosjekt 2 er å betrakte som eit samla anbud, dvs at det ikkje er anledning til å gje pris på berre eit av delprosjekta.
- 1.01 Det er i anbodsbeskrivelse lagt opp til at gravemasser frå byggetomt på helsesenteret skal kunne nyttast som oppfylling til ny parkeringsplass dersom desse massane har god nok kvalitet. Denne parkeringsplassen er planlagt som riggområde. På grunn av dette må arbeid med utgraving av byggetomta starte før riggen vert etablert permanent. Dette gjeld og bygging av veg fram til ny parkeringsplass som og må være ferdig før riggplassen kan takast i bruk.
- 1.02 Strømframføring til riggplass er entreprenørens ansvar og tilkoblingspunkt for dette må avklarast med Eidefoss.
- 1.03 Påkoblingspunkt til kommunale avløpsledninger for brakkerigg må avklarast med RIV og VA-ansvarlig i Vågå kommune slik at dette vert i samme punktet som ny stikkledning til Vågåheimen.
- 1.04 Det har vorte feil dato for synfaring i kunngjering utlagt på Vågå kommune si heimeside. På grunn av dette vil det bli moglegheit for ny befaring mandag 2.juli kl. 11.00. Interesserte entreprenører må melde seg på denne befaringa ved å kontakte Abakus. Dersom det ikkje vert meld interesse frå entreprenørar blir det ikkje befaring.
- 1.05 På grunn av feil i dato for synfaring og mogleg ny synfaring 02.06.12 blir tilbudsfristen endra til 23.07.2012 kl 12.00
- 1.06 Tilbod skal leverast i PDF-format og gjerne også som GAB-fil eller XML-fil (NS3459) i tillegg.

MØTEREFERAT

Punkt..... Sak..... Ansvar.....

2.0 Delprosjekt 1 Helsesenter:

2.01 Pga påvist radonforekomst i eksisterande kjeller (og krav i Tek 10) må det til tiltak for å utbedre dette. Derfor må også desse golva piggast opp, radonsperre og radonbrønner etableres og nye golv støypast. Tilsvarende arbeid er beskreve i anbodsbeskrivelsen i eigne poster for 1. etasjen i samme bygget og det vert lagt til grunn at arbeida i underetasjen kan inngå i desse postane ved å justere mengdene i samband med mengdekontrollen. Dersom tilbyder meiner arbeid i underetasjen krev ein anna einingspris enn i 1. etasjen må det spesifiserast i følgjeskrivet.

2.02 Alle rivingsarbeida er beskreve som RS poster og det er derfor viktig at entreprenørene set seg godt inn i alt av rivingsarbeid.

3.0 Delprosjekt 2 Vågåheimen:

3.01 1. Ingen spesielle spørsmål kom opp.

Ref
Steinar Løkken